



NR 4, 2023 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 91. ÅRG



Kyrkjebømadonnaen.
Foto: Adnan Icagic © Universitetsmuseet i Bergen

I dette nummeret kan du lese om:

- **Madonnaen frå
Kyrkjebø**
- **Andakt frå biskopen**
- **Om bonden med
stavkyrkje og orgel spel**
- **Min julesalme**
- **Juleforteljing**

God jul!

HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. **I redaksjonen:** Sturla Bell Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebø, Andreas Ester. **Layout:** Stig Jonny Fitje

Pengegåver vert mottekne med takk!

Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 716593

Trykk: Printfarm AS

Fred på jorda! I Betlehem, Gaza, Høyanger

Medan eg skriv dette er det krig i landet der Jesusbarnet blei født. På 7. oktober 2023 gjekk hundrevis av Hamaskrigarar til åtak på Israel. 1400 sivile Israelarar vart massakrert og over 200 kidnappa som gislar. Hamas sin kalkyle har vore å provosere ein massiv reaksjon frå det israelske militæret mot Gazastripa – inkludert massive sivile ofre frå palestinarane. Vi har veldig lett for å kjenne solidaritet med anten den eine eller andre sida. Skilje mellom angripar her og offer der. Og gjerne sjå heilt bort frå at kristne og vestlege statar har hatt eit stort medansvar for krig og konflikt i Midtausten tilbake til korstog og antisemittisme gjennom mange hundre år. Korleis kan det bli «fred på jorda» i Betlehem i år?

Betlehem er i dag plassert på Vestbredden, eit steinkast frå Gaza. Det var her den største fredsdemonstrasjonen i verdshistoria skjedde. «Ære vere Gud i det høgste og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!» Bodskapen retter seg mot alle. Dei første som fekk høyre den, var sjølvsagt jødar. Dei tre vise menn kom mest truleg frå land som er islamske i dag. Gud vel bevisst å bli svak, sårbar, hjelpelaus. Blir offer for vald. Døyr på krossen. Og lærer ikkje å hate fienden likevel. Men sjå han som eit menneske. Dette ser ut som ei nærast umogleg oppgåve. Fred er utruleg krevjande. Fred for alle, overalt, har alltid vore utopisk, urealistisk. Jødar, kristne og muslimar deler ein felles fredsarf. På alle sider finst det framleis folk som jobbar for fred. Juleevangeliet i 2023 er uttrykk for eit håp om fred trass alt.

Andreas Ester sokneprest

www.kyrkja/hoyanger/
www.facebook.com/kyrkjaihoyanger/
www.instagram.com/kyrkjai/

Høyanger kyrkjekontor

Marcus Thranaes gt.3. Pb. 159
6991 Høyanger
Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik
post.hoyanger@kyrkja.no

Adm. sekretær: Ali Kharrat

Jobbmobil: 404 58 649
E-post: MK549@kyrkja.no

Prost: Knut Magne Nesse

Brendøyvegen 26, 6906 Florø
Mobil: 917 13 275
E-post:
knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no

Sokneprest Høyanger/Kyrkjebø:

Andreas Ester, 6947 Lavik
Mobil: 452 21 737
E-post: AE639@kyrkja.no

Vikarprest Lavik og Bjordal/Ortnevik

Geir Sørebø, 5962 Bjordal
Mobil: 95 72 91 72
E-post: GS533@kyrkja.no

Kyrkjeverje: Stig Jonny Fitje

Kyrkjekontoret i Høyanger
Mobil: 917 63 803
E-post: SF729@kyrkja.no

Kantor: Permisjon

Leiarar av sokneråda:

Høy: Vidar Myren 913 11 283
Kyrkjebø: Sturla Bell Fossen 994 94 745
Lavik: Toril Lange 916 89 459
Bjordal og Ortnevik: Camilla Merkesvik
Ådland 481 10 684

Leiar kyrkjeleg fellesråd:

- Er ikkje valt enno

Kyrkjetenarar

Høyanger: Heike Müller 993 98 497
Kyrkjebø og Vadheim:
Irene Aase Aarseth tlf. 970 12 977
Lavik: Olav Hellebø tlf. 900 84 912
Bjordal: vakant
Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 411 00 587

KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40

Andakten

Av biskop Ragnhild Jepsen

Ei strime av von

Djupt i mennesket ligg vona. For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet.

Mange stader i verda møter ein denne jula med fråvær av von. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar og dei som bur der er usikre på om det er ei framtid der - vi veit at det er mange menneske som møter julehøgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og von.

Og likevel - framfor jula ber mange av oss på ei von midt i det vonlause. Vi vonar at jula blir god. Vi har tankar om korleis julefeiringa skal bli, og med ambisjonar om alt som skulle gjerast, alt som skulle bakast, alt som skulle ordnast av stort og smått. Men som vi kanskje ikkje kom heilt i mål med, og vi kjenner oss slitne. Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller.

Men er det noko den fyrste jula lærte oss, så var det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr og ustelte gjetarar som dei fyrste gjestane. Nei, det kan vel på ingen måte seiast å ha vore perfekt.

Jula femner om både det djupt menneskelege og det guddommelege. Den no avdøde artisten og låtskrivaren Hans-Erik Dyvik Husby sa det ein gong slik: *Det er ein menneskeleg ting å falle. Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att.*



Foto: Bjørgvin bispedømekontor

Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samstundes som han kom med oppreising og forvandling.

Dei to som no sit med barnet mellom hendene, Maria og Josef, som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, - dei sit med vona i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds son og med stjernetydande vismenn som seier at denne guten er ein konge; Maria

og Josef har von for det nyfødde barnet!

Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss; I dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir fødd, om det er alt det usikre, krig, svolt, ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtida bringer og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome: Med eit nyfødd barn kjem von - om det så berre er ei lita strime.

Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av von. Med ljós i det aller mørkaste.

Jula er høgtida der vi feirar at vona vart gjeven til verda. Og at i den fyrste jula fekk verda del i bodskapen som har kraft i seg til å setje fangar fri, løyse band og bringe menneske saman. Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi alle har til felles: Å vere barn. Å vere menneske. Å vere avhengige av andre. Å sørge, å kjenne glede. Å bere på ei von.

I stallens kulde og mørke spring vona fram.

Maria og visdomen i Kristus

Maria, Jesu mor, har vore inspirasjon for trua i mange hundre år. Mange opplevde at Gud kom nærmere gjennom henne. Og reformasjonen tydde historisk slett ikkje slutten på dette. Luther var heile livet veldig glad i Maria-tradisjonen. Madonnaen, dvs. Maria med Jesusbarnet som eit bilet for åndeleg betraktnign, kom opphavleg frå den ortodokse kristendomen som alltid har hatt spesielt fokus på det visuelle: Guds openberring blir synleg for oss og kan framstilla i eit tilbedande svar frå kunstnaren. Så vandra madonna-motivet vidare til Italia og nordover til Frankrike. Og derfrå kom det til Norge og Kyrkjebø.

Maria står særleg sentralt i julefortellinga. «Ave Maria» helsar engelen henne ved annonseringa av at ho skal føde eit unikt barn. Maria avviser blankt: korleis kunne Gud velje henne, ei heilt alminneleg kvinne? (Luk 1, 29) Men så aksepterer ho likevel å gå inn i rolla ho er tiltenkt (1, 38). Er ho berre underdanig og passivt «offer» eller ei sjølvbevisst og stolt kvinne? (Sjå Marias lovsong Luk 1, 46-55.)

Kyrkjebø-madonnaen tilhøyrar ein type som kallast «sedes sapientiae», «visdomens sete». Maria sit som dronning på trone og er sjølv «setet», trona for visdomen som er Kristus, Gud Son. Han er ikkje vist som eit spedbarn, men bokstavleg «vesle-vaksen». Han har som Maria kongeleg gyllent klede



og krone på. Og ei bok i handa: han er Guds ord, Guds visdom i person. Ein annleis, paradoksal visdom (1 Kor 2). Ein himmelkonge som blir liten og svak og gjer det som for verdsleg forstand ser ufornuftig ut – og herskar slik. Maria speglar det som skjer i Kristus, utvidar, mangedoblar det, blir sjølv del av denne visdomen.

Andreas Ester sokneprest



Soknerådsleiaren takka dirigenten for KUL-koret – Sjoerd Tolsma, Rune Kyrkjebø og Keiko Matsui-Li

Madonnaen frå Kyrkjebø

var hovudtemaet i Kyrkjebø-kyrkja siste helga i oktober. Soknerådet inviterte til kunst- og kulturveld, der føremålet var at dei frammøtte kunne få lære om kunstverka som frå mellomalderen og i hundreåra utover pryda kyrkjene i bygda.

Ein ville òg få vist fram meir av det som finst i kyrkja i dag av kunstgjenstandar, bøker, tekstilar, bilete og gåver, som kyrkja har fått opp gjennom åra, og som ein ikkje utan vidare ser når ein er på ei "vanleg" samling i kyrkja.

Kring 90 menneske møtte opp, og fekk ei lærerik og god oppleving, etter tilbakemeldingane å døme.

Den kunstfaglege kunnskapen fekk me formidla av førstebibliotekaren ved Universitetet i Bergen, Rune Kyrkjebø, som sjølv er oppvaksen berre eit godt steinkast frå kyrkja slik ho står i dag.

Tilhøyrarane fekk forklart dei typiske trekka ved skulpturar som vart produserte på den tid Madonnaen vår vart utforma (ca år 1250), og kva symbolikk som til dømes ligg i at Jesus på fanget vert framstilt meir som ein liten, vaksen konge, enn som eit lite barn. Også haldninga til Maria og måten ho sit på har endra seg i kunstverk skapt gjennom ulike århundre, alt etter kva stilling Maria har hatt i kyrkja si lære. Her er reformasjonen det store vendepunktet, eller . . . var det det?

Rune Kyrkjebø fortalte at "systrene" til vår Madonna (i Urnes stavkyrkje og Hove steinkyrkje) og andre skulpturar

av til dømes Heilag-Olav, mange stadar slett ikkje vart kasta ut med katolismen. Tvert om vart dei tekne vare på og vart ståande i desse meir by-fjerne kyrkjene til langt ut på 1800-talet. Nye trendar trong lenger tid til å vinne innpass i meir grisgrente strøk, kunne det sjå ut til.

Så var det likevel tidleg kontakt over lange avstandar. Funn omkring formings-prosessen av Madonnaen kan tyde på at den er skapt i Frankrike, og såleis har hatt ei lang reise derifrå og til Kyrkjebø, og til den no er på museum i Bergen. Der er også "vår" Kristus figur frå 1500-talet plassert. Begge desse har anerkjent og høg kunstfagleg kvalitet.

Triumfkrusifikset, den krossfeste Kristus med kongekrona, frå 1200-talet heng framleis i kyrkja.

Forsamlinga fekk også høyre historier om kyrkjemøkkene.



Publikum fekk med kaffi i handa stille spørsmål til Rune Kyrkjebø, og kunne gå rundt og sjå på utstillingane i kyrkja. Dei fekk også høyre korsong før det vart takka av, og kvelden avslutta med vakkert fløytespel.

Tilhøyrar

Foto denne sida og nedst på førra side:
Sissel Tove Litsheim

Min julesalme

Eigentleg skulle det vere enkelt å finne fram til ein julesalme som eg sjølv likar, - kanskje fleire og – men i dette mangfaldet vi har i dag, er det ikkje heilt enkelt likevel. Salmeboka har over 40. I tillegg har det gjennom mange år kome nye salmar som både i tonar og innhald er verdifulle og som er lette å bli glad i. Kanskje også nynne med på.

Salmen eg vil trekke fram er ikkje mykje brukt i dag, truleg er det berre «den eldre garde» som kjenner han. Grunnen til at eg er spesielt glad i denne, har med tonen og toneleiet å gjere. Melodien går ikkje høgt, han er lett å syngje. Men framfor alt har det å gjere med orgelspelet som høyrer til. Eg set stor pris på orgelmusikk, mest som ein indre nerve bind meg fast og riv meg med.

Dette har nok sin bakgrunn i barndommen, vi hadde trøorgel heime. Far gjekk på lærarskulen i Tromsø, ferdig i 1927, der han hadde orgel som instrument. Nokon stor organist trur eg ikkje han var, men tidvis sette han seg ned og spelte, også julesongar.

Då er eg tilbake til min julesalme, **Fra fjord og fjære, fra fjell og dype dal, et «Ære være!».**

På Norevik fekk vi veg i 1952. Då vart det lett å ta seg fram til Lavik, for det var ved dei stor høgtidene det var høve til å reise til kyrkje.

Første juledag, med julegudsteneste i kyrkja, var heilt spesiell, med sokneprest Jens G. Førsund som «rungande» prest og songar, **OG** orgel spel! Eg trur denne salmen var den første i gudstenesta, og difor ekstra gripande. I minnet kan eg mest enno høre orgelet bruse ut med tonane, sterkt og vakkert. Det var som kyrkjerommet vart fylt opp av tonar, song og musikk. Far song, mor song, vi ungane prøvde å vere med og kyrkjelyden song. Vi vart fylte av høgtid.



1. verset i salmen er på ein måte så velkjent for oss ved fjorden: *Fra fjord og fjære, fra fjell og dype dal.. det var slik vi hadde det, det var slik det var. Nærleik til fjord og fjell.*

Olav Hellebø

*1. Fra fjord og fjære, fra fjell og dype dal
et «Ære være!» idag gjenlyde skal.*

*Fra kirketårne i fryds basuner støt
for Guds enbårne som er i dag oss født;
vi var forlorne, nu er vi frelst av nød!*

*2. Til kirken samle seg fra hver gård og grend
de unge, gamle, av kvinner og av menn!
Vi ønsker eder så glad en julefest,
Guds rikes gleder, Guds fred i Jesus best!
Hos hver som greder, vår Herre selv vær gjest!*

*3. Guds store under; Vi har hans engler hyst
Krist hos oss blunder, Guds fred på jord er lyst!
Ja, la kun høres Guds barns Halleluja,
La strengen røres for Krist i Davids stad!
Nu skal vi føres med ham til himlen glad!*

*5. Ha takk, som treder til armods hytter ned!
Ha takk, som gleder oss med din søte fred!
Kom inn, o Kriste, tenn lys i hvermanns gård!
La isen briste, gi varme snart og vår,
La ingen miste hva godt din fødsel spår!*

Norsk salmebok nr. 50

T: Landstad 1856

M: Zinck 1801

Den tida då jula kom til jul

Helgestunder har tenkt at eg sikkert kan fortelje litt frå jula då eg var liten, sidan eg er så gammal at eg faktisk var fødd den gongen. Mange av Helgestunder sine lesarar var nok også det, altså fødde den gongen då jula kom til jul og ikkje midt i oktober, slik det er no for tida.

Eg er fødd i ei lita grend i Ikjefjorden – ytre Trædalen – midt i desember i 1949. Dei fyrste åra hadde vi korkje straum eller innlagt vatn, men det rann ei grov eit stykke nedanfor huset, der friskt og godt vatn kunne hentast, både til dyra i fjosen og til folket i huset, til all slags bruk. Eg hugsar det alltid sto ei stor panne med vatn og varma seg på den store vedkomfyren på kjøkenet. Petromax'en var ei lykt med oljetank, som måtte pumpast og fyrist opp til bruk, men då lyste den som ei hundrewattspære, ja, vel så det! Stova var i bruk berre i jula, ja, og sommarstid, når det var varmt i veret og feriegjestar kom på besøk.

Eg hugsar at mor steikte julekaker. Det likte eg godt. Ja, både deig og kaker gleid ned på høgkant. Vi laga også juletrepynnt, korger som vi klypte til etter eit mønster og fletta i hop, og papirlenkjer som vi klipte til og limte i hop med kveitemjøl-klister.

Veslejulaftan kunne det merkast at jula nærma seg, for no skulle vi inn i granfeltet og hogge juletre. Far sto for hogsten, men eg fekk vere med og peike ut det finaste treet, ja, for når det kom til juletre, var det ikkje snakk



om å kva som helst! Her var mange fine tre, både grantre og furer, men vi måtte ha gran, det var ikkje tvil om! Vi hogg ofte både to, tre og fire, for fleire av brørne til mor tinga juletre hjå oss. Det var nesten det beste av alt, at vi hadde noko som andre ikkje hadde, men som dei kunne få hjå oss. Ut på dagen kom dei, onklar og syskjenborn med kjelke, for å hente trea sine. Dei var flinke fiskarar og hadde alltid fisk med seg til oss! Stundom kunne det vanke ei plate med mørk kokesjokolade, ja, til og med ein pose sjølvplukka hatleneter! Så måtte dei sjølvsagt få kaffi og julekaker på kjøkenet då, og dei vaksne fekk seg ein førjulsprat, medan vi ungane sprang utomhus og leika. Treet vårt måtte sejtast på fot – ein stor trekross med eit stort hol i midten – og høgtideleg berast inn i stova.

Julebadet gjekk føre seg i ein stor sinkbalje på kjøkenet, og eg var vel oftast fyrste mann i baljen. Det var litt varmt å stige oppi, så ein måtte venje seg gradvis til, men etter kvart var det berre stas å sitje der og plaske – heilt til mor kom med vaskeklynen og skrubba øyro og nakken med fast hand.

Storejulaftan var sjølvsagt dagen over alle dagar. Mor var oppe først og kveikte i omnen på kjøkenet, så det skulle bli varmt og godt der. Så gjekk mor og far i fjosen for å mjølke og stelle dyra. Eg låg på lemmen og høyrdde alle lydar frå kjøkenet under meg gjennom det uisolerte plankegolvet, og snart høyrdie eg kaffikverna male så fint og visste at no var det varmt på kjøkenet og frukosten straks klar. Og eg kjende at no var det verkeleg julaftan!

Eg hadde ein farbror som budde i Høyanger og var lærar på realskulen der, Lassen. Dei fleste, godt vaksne Høyangerfolk hugsar han. Kvar jul feira han i barndomsheimen sin i Trædalen, - grannegarden vår. Og kvar julaftan føremiddag kom han til oss med julegåver og ein stor marsipangris. Då sette han seg godt til rette i godstolen på kjøkenet med Frisco-pakken og askebegeret og fekk servert kaffi og julekaker, medan mor førebudde julematen. Etter eit par timer med godprat og mykje røyk var askebegeret fullt. Julegåva frå Lassen var eit klårt høgdepunkt i julefeiringa, og vi gledde oss veldig til å opne den. Han var ekspert på spennande ting i harde pakkar til oss ungane. Då Lassen hadde sagt god jul var klokka 12, og det var tid for risgrauten. No hadde far fyrt opp omnien i stova der juletreet stod klart for pynting. Det var ei høgtid i seg sjølv å pynte juletreet. Å feste juletrelysa skapleg var reine vitenskapen. Det var levande lys, sjølvsagt, og dei måtte stå beint og såleis at ikkje noko av pynten kunne ta fyr. Enno var det tidleg på ettermiddagen og syrjeleg lenge til sjølve julekvelden. No gjekk tida seint!

Mor hadde mykje å lage til og passe på. Far var ein framifrå forteljar, og eg likte godt å høre han fortelje eventyr - om guten og smør-ambaren, bukkane i ertre-åkeren og andre spennande saker – til dess han og mor måtte gå i fjosen for å mjølke og stelle dyra. Då tok dei Petromax'en med seg, så det vart noko halvskymt i stova med berre dei små oljelampene att. Eg la meg på rygg på golvet og såg på korleis skinet frå lykta kom inn gjennom glaset og vandra over stovetaket ettersom dei gjekk til og frå. Far hadde fått tak i ein gammal radio som gjekk på to svære batteri. Der kunne eg ligge og lytte til sølvguttene eller pausesignalet medan eg venta, - og kjende på lukta av pinnekjøt som breidde seg i rommet.

Etter fjostid skulle mor og far stelle seg også. Slikt gjekk føre seg på kjøkenet. Då laut eg halde meg i stova. Omsider var dei klare, reine og velluktande og det var igjen fri ferdsel gjennom kjøkendøra.

Ja, så var det endeleg julekvelden, og far kunne kveikje lysa på treet. Det var verkeleg ei høgtidsstund! Noko så vakkert! Og så fint det spegla seg i dei mørke glasrutene i stova. Vi gjekk rundt treet og song julesongane, ein etter ein, alle versa, runde etter runde, fem-seks songar. Eg var proppfull av forventningar, men likte så godt denne stunda at eg ville den skulle vere lenge. Det var så fine songar og så vakkert med dei levande lysa. Ein song måtte alltid vere med; Eg er så glad kvar julekveld, alle ni versa, for den var laga av syster til oldefar, Marie Wexelsen, så den var obligatorisk i vår slekt. Så, endeleg, var stunda komen for å sløkkje lysa og gå i gang med å opne pakkane. Det var utruleg spennande, særleg dei harde pakkane. Det var min jobb å hente pakken, levere til far, som las på lappen, og eg bringa vidare til rette adressaten. Inni pakkane var det helst klede og sko og anna slik som vi hadde bruk for, og som det ikkje var råd til å kjøpe elles. Bøker var kjekt å få. Aller mest spanande var pakkane frå Lasse-farbror. Dei var alltid harde. Då kunne det vanke ei lommelykt eller eit



Frå «Mat og prat»

løvsag-sett, hammar og sag, puslespel eller ei morosam leike som kunne trekkjast opp og som spratt omkring på golvet. Eitt år fekk eg ein «Wiew-master»! Det var eit fantastisk apparat som ein kunne sjå seriar med tredimensjonale biletar i. Snakk om stas!

Så var det julemiddagen; pinnekjøt med kålrot og ribbefeitt og til dessert riskrem med raud sos. Men, før vi åt song vi alltid Deilig er jorden, alle tre versa. Det var fast tradisjon. Vi fekk vere oppe heilt til klokka tolv og leike med det vi hadde fått, men då var vi så trøytte at vi ikkje orka meir.

Finn Trædal

(Dette stykket er forkorta i høve originalen.)

Mat og Prat



Onsdag 25. oktober inviterte Lavik sokneråd til Mat og Prat på Alværa kyrkje- og misjonssenter. Først vart det servert eit kveldsmåltid, der praten gjekk jamt, og folk kosa seg. Deretter leidde Geir Sørebø ein samtale med Helena Vos om livet, trua og tvilen. Nokre av konfirmantane hjelpte til både på kjøkkenet og som barnevakt.

Årmøte i kyrkjelydane

Er sett opp for:

- Bordal og Ortnevik onsdag 14.februar i gamlebanken i Bjordal
- Høyanger 10. mars etter gudstenesta
- Lavik 20.mars på Alværa i samband med årsfesten
- Palmesundag 24.03. etter gudstenesta på Kyrkjebø.

Med Geir som samtalepartnar fekk vi innblikk i livet til Helena. Ho delte ei sterk historie frå eit rikt liv. Tusen takk til begge!

Vi gjentek Mat og Prat over nyttår, og då har Geir med seg ein ny samtalepartnar.



Bonde med stavkyrkje og orgelspel

«Det gode skal ein hogge i fjell. Det vonde skal ein skrive i snø». Slik står skrive på utsida av kyrkjedøra på Anders Brekke si vesle stavkyrkje på Brekke i Ortnevik. Det vil seie: Orda er skrivne med runeteikn som vert tolka av kyrkjebyggjaren sjølv. Vi lurer på om dette er mottoet for heile stavkyrkjeparken på øya i elva. Anders vil verken bekrefte eller avkrefte det, men seier beskjedent at det var no eit visdomsord som høvde til døra.

Stavkyrkjene våre er noko av det fremste av norsk byggjekunst og vart sett opp frå 1100-talet. Det er eit sersyn å sjå ei stavkyrkje som er sett opp i vår tid, og det til og med av ein privat bonde på hans eigen gard. Og enno meir unikt: Bygd heilt og fullt av han sjølv med materiale frå hans eigen skog.

- *Kor lenge har du drive på med dette prosjektet?*

Det fysiske arbeidet starta i 2008, men draumen og tankeprosessen hadde jo starta lenge før. Eit par års studium i historie og byggjeteknikk måtte til, og det var nødvendig å reise for å studere gamle stavkyrkjer som står i andre bygder, til dømes i Vik. Det var klart at kyrkja skulle byggjast i samsvar med gammal byggjeskikk,

sjølv om nye reiskap vart nytta, slik som motorsag i skogen. Og så måtte eg jo ha byggjeløyve og godkjenning frå NVE.



- *Og kor mykje fekk du så i offentleg støtte?*

Offentleg støtte? Anders ler av spørsmålet.

Nei, det søkte eg aldri om. Det ville eg ikkje ein gong ha teke imot. Dette er rein og skjær utfalding av glede og skapartrong, eit uttrykk for livskvalitet. Og eg ynskjer at folk skal kome her og finne fred og ro og ha ei stund til ettertanke. Rundt kyrkja er det ein park med treskulpturar og finurlege konstruksjonar som også borna ofte går rundt og grublar over. Kyrkja står alltid open og alle er velkomne. Dei siste åra har det vore rundt 1000 menneske innom kvart år.



Norrøne gudar og kristentru

Ved vegen inn til kyrkja passerer vi ein stor treskuptur av Odin, med ramnen på skuldra. Så går vi over elva og inn i stavkyrkjeparken med alle skulpturane.

- *Er dette ei vandring frå den gamle trua og inn i kristendommen sitt rike?*

Tja, seier Anders, her kan jo kvar einskilt legge inn si tolking. For meg var utgangspunktet litt annleis. Eg hadde ein kjempestor trestokk og ein stor stein som fundament, og så kom ideen: Her skal den store og sterke og vise Odin stå, og på hi sida av elva står kyrkja. Og så kan folk tenkje det dei vil. Eg seier gjerne at for meg er det magekjensla som styrer, og at vegen blir til medan eg går.

På svarte tangentar

Anders seier at kanskje er det den same skapartrongen som gjorde at han tidleg vart oppteken av musikk. I barndomsheimen var det eit gamalt husorgel. Det var mykje brukt, og dei kvite tangentane var nokså utslitne.

Derfor fann Anders ut at han heller først og fremst skulle bruke dei svarte tangentane. Han tykte at dei også gav ein finare klang. På denne måten laga han seg sine eigne harmoniar og musikalske system ut frå gehøret.

- *Men korleis gjekk det då med å spele etter notar?*

Nei, notar lærde eg meg aldri. Notar ville skapt kaos blanda saman med det systemet som eg hadde lært meg sjølv. Konsekvensen av dette var at eg måtte lære meg alle melodiar utanboks og så spele ut frå hukommelsen.

- *Du har jo lenge vore organistvikar i kyrkjene – korleis gjer du det når det er snakk om salmar som du ikkje kjenner frå før?*

No, kan eg jo etter kvart ganske mange salmar, seier Anders, men om det skulle vere ein som er heilt ny for meg, så ser eg først på



notebiletet i salmeboka. Der får eg ein oversikt over når melodien går opp og ned. Så finn eg melodien på for eksempel YouTube og spelar den av nokre gonger, og deretter prøver eg å spele han sjølv ut frå det eg hugsar. Nokre melodiar sit med ein gong. Andre må eg jobbe litt meir med.

Favorittsalmen:

- *Har du ein favorittsalme?*
Anders er ikkje i tvil: Det er nr. 772 i salmeboka: «Nå lukker solen sitt øye». I denne kveldssalmen frå 1800-talet er det perfekt samsvar mellom tekst og melodi. Det er nok dei gamle salmane som eg lærde då eg var barn som gjev meg dei beste opplevelingane.

- *Du har jo stilt opp og spela til mange konsertar og gudstenester både i kyrkja og ute i det fri. Er dette noko du finn meiningsfullt?*
Sjølvsagt, elles hadde eg ikkje gjort det. Eg sit ofte og øver heime berre for min eigen del. Enno kjekkare er det å spele i kyrkja. Eg vil helst sitje med orgelet mitt nede i skipet, nær folket og samspele med dei som syng. Salmesongen i kyrkja kunne nok vore kraftigare, men sidan eg ikke syng sjølv, så kan eg ikke klage. Å bruke min kreativitet og få spele i kyrkja, det er nesten like kjekt som å byggje stavkyrkje, seier Anders.

*Nå lukker solen sitt øye,
snart lukker jeg også mitt;
Vår Fader i det høye,
du lukker aldri ditt!
Du ser hver stjerne i vrimlen
og hvert et barn på jord,
Du hører høyt i himlen,
det sakteste bønnens ord.*


Geir Sørebø



BARNAS

Prikk til prikk

Trekk ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Hjelp dei vise menn!

Hjelp dei vise menn å finne vegen til det vesle Jesusbarnet.



Vits

– Kan eg få ein hund til jul, pappa?
– Nei, i år blir det ribbe, som vanleg!

Fargelegg!



Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta fra bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



Finn fem feil!



Her er Jesus, Maria og Josef. Dei to biletet er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca



Sondagsskolen – mer enn du tror

Ny diakon i Høyanger

Bjørgvin bispedømme har tilsett Inger Cesilie Fitje som diakon i Høyanger i eit 3 årig prosjekt. Ho kjem til å ha tradisjonelle diakonoppgåver, men også regelmessig gudstenester og gravferd. Ho vil arbeide mest på sørsida og i Lavik. Den nye situasjonen med prest, diakon og trusopplærar gjer at ein får breiare kompetanse i staben. Det gjev gode forutsetningar for samarbeid.



Inger Cesilie er fødd og oppvaksen i Ortnevik. Ho fortel at ho for mange år sidan tok over eit småbruk etter foreldra og at dei kjem til å busette seg der no. Inger Cecilie er utdanna sosionom og diakon. Dei siste 20 åra har dei budd i Førde. Ho har tidlegare arbeidd på sosialkontor og på eit foreldre- og barnsenter. Frå 2013 arbeidde ho i kyrkjelyden i Førde, der var ho mellom anna med på å etablere «Home-Start Familiekontakten» i Førde/Sunnfjord. «Home start» er eit familiestøtteprogram der frivillige er støtte og hjelp for småbarnsfamiliar. Dette har ho hatt ansvar for fram til no, men dei siste åra i regi av helsestasjonen. Inger Cesilie er gift med Stig Jonny, mor til 4 og farmor til 2. Ho fortel at ho likar å vere ute, gå tur eller arbeide med noko praktisk. Vi reknar med at det blir mange høve til dette no.

Det skjer på Alværa

- Leiarhelg: 12.-14. januar
- Vinterleir: 16.-18. februar for 2.-7. klasse:
- Meir info om leirane finn du på nmsu.no
- Mariahelg: 9.-10. mars

Kyrkje- og misjonsdag på Alværa 2024

Laurdag 13. januar vert det invitert til samling på Alværa kyrkje- og misjonssenter. Det har vore ein god tradisjon å byrje året med ein temadag til inspirasjon for kyrkjelydane. NMSU har leiarkurs same helga.

Vi byrjar programmet kl. 10.30 etter at dei som ynskjer det har fått kaffi med noko attåt. I år er det gudstenesta som er tema. Rune Rasmussen har skrive ei inspirerande bok som heter: «Gudsteneste for alle. Byggeklosser for en papirløs gudsteneste.» Denne dagen kan ein dele erfaringar og få med seg gode idear til å gjøre gudstenesta god for fleire. Det blir som vanleg mykje song og musikk frå ulike tradisjonar. Temaopplegget blir avslutta med gudsteneste kl. 14.30.

Om ettermiddagen blir det servert kaffi med mykje godt til, og ein kan delta på årsmøte for NMS, Ytre Sogn område. På grunn av måltidene er det påmelding til Alværa tlf. 48990661. Vel møtt frå både Hordaland og

Sogn og Fjordane til ein spennande dag med aktuelt tema!
Områdeutvalet for NMS
Ytre Sogn



Takk til avtroppande soknerådsmedlemar i Bjordal og Ortnevik sokn.

Trusopplæring

Høyanger og Kyrkjebø

Velkommen til **babysong** for 0-1åringar måndagar i Høyanger kyrkje:

- 8. jan, 22. jan, 5. feb, 19. feb,
- 4. mars og 18. mars.

Samlinga startar kl.11.00 med ei songstund som varer om lag 30 min.

Etterpå er det leik, prat med kaffi/te fram til kl.12.30.



Tårnagenthelgene

- Laurdag **3.februar** frå kl.13.00 til kl.16.00 er det **tårnagentsamling i Kyrkjebø kyrkje** der agentane skal løyse ulike mysterium, utforske kyrkja og gå opp i kyrketårnet.
- Søndag 4.februar vert det tårnagentgudsteneste kl.11.00 i Kyrkjebø kyrkje.
- Laurdag **10. februar** er det **tårnagentsamling i Høyanger kyrkje** og onsdag 14. februar vert det tårnagentgudsteneste.

Minikonfirmant

Fredag 8. mars byrjar minikonfirmanttida for born som går i 5.klasse.Vi startar med fredagssamling kl.12.30 rett etter skuletid i Høyanger kyrkje.

Dataar vidare er 15. mars, 22. mars og 5. april.

Minikonfirmanthelga på Alværa vert 19. - 21. april.

Lavik

Tårnagentar i Lavik kyrkje 20.-21. januar

Søndag 21. januar vert det tårnagentgudsteneste i Lavik kyrkje. Men før det er det tårnagentsamling om laurdagen for tårnagentar (1. – 5. klasse), englevaktar (frå 6. klasse og eldre) og agentsjefar der ulike oppdrag skal løysast. I løpet av nokre hektiske timer skal ein utforske tårnet, gå på skattejakt, førebu gudsteneste og ete flaggermussuppe.

På tårnsøndag skal kyrkjelyden ta imot vår

nye medarbeidar, Inger Cecilie Fitje. Ho skal leie gudstenesta.

I løpet av vinteren og våren vil det også vere tilbod om **myldresamling** om lag ein onsdag ettermiddag i mnd. Samlinga er for born i barnehagealder, men også eldre born er velkomne. Samlingane vert avslutta med kveldsmat.

Det vert **minikonfirmantsamlingar** For dei frå 4. til 7. trinn ca

1 gong i månaden.

Minikonfirmantane får også tilbod om å vere med på minikonfirmantleiren 19.-21. april, saman med minikonfirmantar frå Balestrand, Høyanger og Hyllestad.

Informasjon kjem på messengergruppene : Myldresamling i Lavik kyrkje og Leirdøgn og trusopplæring.

Aktivitetsdag

Laurdag 4. november inviterte Lavik sokneråd til aktivitetsdag/familiedag på Alværa. 27 born, ungdom og voksne var samla til samlingsstund, mat med pølse og brød, perling, teikning, spel, leik og prat. Takk til Aisha og Ingrid som tok ansvar for maten. Likeins Fellesrådet som gav støtte til arrangementet. Tilbakemeldingane var gode og soknerådet vil prøve å invitere til fleire aktivitetsdagar for små og store. Då er også born og voksne frå heile kommunen velkomne. Invitasjon kjem på kyrkja si facebook-side.

Bjordal & Ortnevik

I Gamlebanken i Bjordal blir det T-klubb for 1.-7. klasse tysdagar etter skuletid. Desse datoane er sett opp: 16. januar, 6. februar, 27. februar og påskeverkstad 12. mars.

Takk til Geir


Frå nyttår sluttar Geir Sørebø i nok eit vikariat som sokneprest i Lavik og Bjordal & Ortnevik sokn. Heilt sidan vinteren 2019 har Geir vore vikar i fleire periodar, i til saman 2 ½ år.

Kyrkjelydane er glade for at gamleprosten har vore viljug til å vere presten vår, og vi vil takke han for tenesta han har gjort her.

- Når du har gudsteneste, er det godt å vere både kyrkjelyd og medarbeidar. Du er trygg i det du gjer og det smittar over på oss andre. Det er fint å høre på preikene dine, der du peikar på Jesus.

- Du er også kreativ og har ofte med deg ein gjenstand som skal vere ein aktualisering av temaet i gudstenesta.

Størst inntrykk gjorde nok



lysmessa i 2022 då tema var Jesus som rir opp til Jersualem på eit esel, og då du under tekstlesinga kom syklande inn i kyrkja.

- På institusjonar har du jamleg hatt andakt.


Når du er innom kaffistund på Lavik

Helsesenter ein gong i månaden, er det mange som set pris på at du kjem - og det at du alltid tar deg god tid å prate.

For Geir går turen vidare til Balestrand der han skal vere vikarprest, medan vi skal ta imot vår nye medarbeidar – Inger Cecilie Fitje.

For sokneråda -

Toril Lange



Takk for at du
var med å
tenke
alternative
gudstenester.
Her frå
friluftsgudste
nesta på
Norevik, som
måtte flytte
innandørs



Frå friluftsgudsteneste på Alværa i samband med leirdag og korona.

Konfirmantfestival


Laurdag 28. oktober var meir enn 400 ungdommar samla i Gaularhallen. Det var duka for Konfirmantfestivalen, ein heil dag for konfirmantar frå heile prostiet. Programmet starta med opningsshow med skikkeleg band frå «Saman-teamet», Bjørgvin bispedømme sitt ungdomsteam frå Bergen.

Det blei sponsorløp («globalløp»), 20 ulike spanande aktivitertar konfirmantane kunne melde seg på – mellom anna innebandyturnering. Ei flott kort gudsteneste sendte konfirmantane heim til slutt.

Andreas Ester



Etter hauststorm på Kyrkjebø . (Foto: Irene Aase Aarseth)



Nytt frå kyrkjeverja:

Etter ein regntung ettersommar og start på hausten er det fantastisk å turke opp i november. Sola varmar nok ikkje så mykje rein fysisk, men du kor godt det gjer når ho lyser opp åsar og fjellsider som sprakar av flotte haustfargar. Dei kvite toppane blir prikken over i-en, saman med månen og nordlys om kvelden og gjennom natta. Vi har mykje å vere takksame over her i nord.

Like eins er eg takksam for det fargerike og fine arbeidsfellesskapet vi har. Det er triveleg å kome på jobb og møte kollegane, men det er og triveleg å møte dei frå kommunen som hjelper oss med å realisere jobben vi skal gjere, kyrkja sine rådgjevarar, prost, biskop og bispedømmet sitt kontor.

No er også dei nye sokneråda i gang. Positivt innstilte og med mange gode idear – her skal det gjerast ein innsats. Konstituering er gjort unna og medan Kyrkjebø og Lavik sokn går vidare med sine gode leiarar i Sturla Bell Fossen og Toril Lange, får Høyanger og Bjordal og Ortnevik sokn nye leiarar med høvesvis Vidar Myren - som har rett nok har vore med i soknerådet ei stund, og Camilla Merkesvik Ådland.

Fellesrådmeme er også utnemnde, men det nye fellesrådet har enno ikkje møttest og konstituert seg. Frå Lavik vil Toril Lange og Bjørn Harald Nybø møte, med Eldrun Nordahl og Torunn Styve som varamedlemar. Frå Kyrkjebø vil Kari H Dale og Sturla Bell Fossen møte, med Jens Ole Årdal og Sjur Håvard Øygard som varamedlemar. Frå Høyanger møter Vidar Myren og Torsten Müller med Elisabet Johansen og Heike Müller som varamedlemar. Frå Bjordal og Ortnevik



møter Kjersti J. Søreide og Terje Søreide med Sissel Sørebø og Camilla Merkesvik Ådland

som varamedlemar. Og til sist, frå kommunen møter Frode Merkesvik med Leif Arne Fureli som varamedlem. Fast medlem er sokneprest Andreas Ester og kyrkjeverja

som har talerett og ansvar som sekretær for rådet.

I haust vart stillinga som «**trusoplærar**» lyst ut att. Heike Müller har hatt eit års engasjement og var einaste søker. Vi er godt nøgde med jobben som blir gjort og glade for å kunne tilsette ho fast.

Ei stilling der vi framleis manglar tilsett, er som **Kyrkjetenar i Bjordal**. Vi ser no på løysinga å dele oppgåvene på fleire. Dersom vi finn nokon som kan hjelpe oss med enkeltoppgåver som å ha ansvar under gravferder, med snømoking og liknande småoppgåver så hadde det vore til stor hjelp. Kjekt om nokon kjenner seg kalla.

Brannvarsling har vore ei utfordring. Nokon vakna til at brannalarmen kima i Kyrkjebø kyrkje. Vi har hatt for mange falske alarmer i det siste. Dei har først og fremst ramma Kyrkjebø kyrkje, men også i Høyanger kyrkje.



Det vert no jobba med betre ordningar for vedlikehald av varsalarane og med å få på plass direktevarsling til vaksentralen i Florø.

Offerskrin frå Kyrkjebø kyrkje.
Foto: Sissel Tove Litsheim

Hugs gjerne på at Helgestunder blir finansiert av gåver! Sjå side 2.

I GLEDE OG SORG

DØYPTE

Lavik kyrkje

29.10.2023 Live Hole Systad



Kyrkjebø kyrkje

22.10.2023 Malin Markeset

12.11.2023 Amanda Neset Øren

DØDE

Høyanger

05.10.2023 Amy Margareth Thuland
Magnussen (Førde)

11.10.2023 Carlos Hugo Pizarro Davila

03.11.2023 Heidi Norevik

03.11.2023 Arild Magne Flaten



Bjordal

17.09.2023 Bjørg Osland

06.11.2023 Marita Elise Bjordal

**Lat oss halde urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden er trufast.
Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar!
Hebr. 10.23-24.**

Gudstenester

24. desember – julaftan

kl. 13.00 Vadheim v/ A. Ester
kl. 14.00 Ortnevik v/ G. Sørebø
kl. 14.30 Kyrkjebø v/ A. Ester
kl. 15.00 Lavik V/ K. Hjelmeland
kl. 16.00 Bjordal v/ G. Sørebø
kl. 16.00 Høyanger v/ A. Ester

26. desember – 2. juledag

kl. 14.00 Ikjefjord v/ G. Sørebø - dåp

7. januar – Kristi openberringsdag

kl. 11.00 Bjordal v/ prost Knut Magne Nesse
og A. Ester. Innsetting av Inger Cesilie Fitje

10. januar - onsdag

kl. 18.00 Høyanger gladgudsteneste v/ A. Ester

14. januar – 2. søndag i openberringstida

kl. 11.00 Kyrkjebø v/ A. Ester

21. januar – 3. søndag i openberringstida

kl. 11.00 Lavik Tårnagentgudsteneste
v/ I.C. Fitje og T. Lange

28. januar – Såmannssøndag

kl. 12.00 Alværa misjonsenter v/ A. Ester,
R. Matsui-Li og konfirmantar

4. februar – Kristi forklæringsdag

kl. 11.00 Kyrkjebø tårnagentgudsteneste
v/ A. Ester og H. Müller

11. februar – fastelavnssøndag

kl. 17.00 Lavik v/I.C. Fitje
kl. 17.00 Vadheim Kaffigudsteneste
v/ A. Ester

14. februar – askeonsdag

kl. 17.00 Høyanger Tårnagentgudsteneste
v/ A. Ester og H. Müller

18. februar – 1. søndag i fastetida

kl. 11.00 Bjordal v/ I.C. Fitje

25. februar – 2. søndag i fastetida

kl. 11.00 Høyanger v/ A. Ester

3. mars – 3. søndag i fastetida

kl. 11.00 Kyrkjebø v/ A. Ester

10. mars – 4. søndag i fastetida

kl. 11.00 Høyanger v/ A. Ester
kl. 18.00 Lavik Samtalegudsteneste
v/ R. Matsui-Li

17. mars – Marias bodskapsdag

kl. 16.00 Bjordal v/ I.C. Fitje

20. mars – onsdag

kl. 17.00 Høyanger samtalegudsteneste
v/ A. Ester

24. mars – Palmesøndag

kl. 16.00 Kyrkjebø v/ A. Ester

27. mars – Onsdag før påske

kl. 18.00 Ortnevik kyrkje
Påskesamling v/ I.C. Fitje m.fl.

28. mars – Skjærtorsdag

kl. 18.00 Lavik – Påskemåltid
v/ A. Ester

29. mars – Langfredag

kl. 17.00 Høyanger, Krossvegmeditasjon
v/ A. Ester

30. mars – Påskeaftan

kl. 23.30 Kyrkjebø, Påskenatt v/ A. Ester

31. mars – 1. påskedag

kl. 11.00 Lavik v/ I.C. Fitje
kl. 16.00 Bjordal v/ I.C. Fitje



NB: Det kan skje endringar! Følg med på Facebook eller på: www.kyrkja/hoyanger/

INFORMASJON Returadresse : Høyanger kyrkjecontor, Postboks 159, 6991 Høyanger

Frå utstillingane på kunst- og kulturkvelden på Kyrkjebø



Foto: Irene Aase Aarseth

Hausifikfesten på Kyrkjebø:



Aktivitetsdag på Alværa:



Foto: Toril Lange og
Regine B Pettersen